



PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE NR. 8 I SKJÅK IL

Styremøte nr. 8 halde fysisk den 27.nov 2025 kl 19.30 – 21.30 på Skjåk Almenning

Til stade frå styret:

Gregor Ingar Gjerdet, Kathrine Brandsar, Kjell Erik Galde, Merete Dagsgard, Stine Leirmo

Meldt forfall: Ingen

Også til stade: Dagleg leiar Elin Stasviken Sperstad

Referent: Merete Dagsgard

Protokollfører: Elin Stasviken Sperstad

Styreleiar opna styremøtet kl 19.30

Det vart ikkje fremma innvendingar til innkallinga eller saklista, men det kom spørsmål om sekretær kan få sakslista tilsendt som word i forkant. Dette var greitt.

Møtet var vedtaksført.

Sakliste

Vedtakssaker:

- Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 2: Godkjenning av referat og protokoll frå møte nr. 7
- Sak 4: Kjøp av alkohol på idrettslaget si rekning
- Sak 5: Løp utanfor bane
- Sak 6: Kriterier for å bli æresmedlem
- Sak 7: Frivilligpott inn i budsjettet for 2026?
- Sak 8: Kriterier for Skjåk IL sitt idrettsstipend
- Sak 9: Retningslinjer mobilbruk i hallen
- Sak 10: Eventuelt

Orienteringssaker:

- Punkt 3: Orientering frå dagleg leiar

Orienteringssaker

Punkt 3: Orientering frå dagleg leiar

Dagleg leiar orienterte om

O-sak 1: Overrekking av gåve frå hovudstyret til turngruppa under 40-årsjubileet

O-sak 2: Spørsmål om å opprette hestegruppe under idrettslaget

O-sak 3: Har hatt fyrste møtet vedr bygging av nytt Fleirbrukshus i Botn

O-sak 4: Nettbutikken med klubbkolleksjon er open

O-sak 5: Prisar for Skjåk IL i Bøverdalen skianlegg

Styret tok orienteringane til etterretning.

Vedtakssaker

Sak 1: Godkjenning av innkalling og saksliste

Gregor innleia til saken

Vedtak: Godkjent

Sak 2: Godkjenning av referat og protokoll frå møte nr 7

Gregor innleia til saken

Vedtak: referat og protokoll godkjent og signert

Sak 4: Kjøp av alkohol på idrettslaget si rekning

Gregor innleia til saken. I fleire år og av fleire grupper har det vore kjøpt alkohol på idrettslaget si rekning når styre har hatt avslutningsmiddag o.l.

Vedtak: Det kan drikkast alkohol på styre sine avslutningar o.l, men det kan ikkje settast på idrettslaget si rekning

Sak 5: Løp utanfor bane

Elin innleia til saken

Vi har nokre som satsar på motbakkeløp i idrettslaget. Vi er allereie medlem i Friidrettsforbundet, men vi har ikkje opna for greina Løp utanfor bane.

Vedtak: Styret står einstemmig bak å få Løp utanfor bane inn på organisasjonskartet til idrettslaget. Dette vil bli tatt opp som sak på Årsmøtet i mars 2026

Sak 6: Kriterier for å bli æresmedlem

Gregor innleia til saken

Pr i dag har vi tre æresmedlemmar. Kva skal vera kriterier for å bli æresmedlem i Skjåk IL?

Vedtak: Æresmedlemsskap kan gå til nokon som har hatt ein ekstraordinær innsats, og som har bidratt til eit godt miljø. Forslag sendast skriftleg inn til hovudstyret, forslaget blir teke opp på Årsmøte.

Sak 7: Frivilligpott inn i budsjettet for 2026

Elin innleia til saken

Skal vi be alle frivillige på middag våren 2026?

Vedtak: Den opprinnelege tanken blir for kostbar, dl finn ei rimelegare løysing for ein sosial treff.

Sak 8: Kriterier idrettsstipend

Elin innleia til saken

Det vart diskutert ei rekke punkt vedr kva som skal med på utlysninga for stipendet.

Vedtak: DL fedigstiller utlysninga og sender den ut til hovudstyret før den blir publisert. Den skal publiserast før jul.

Sak 9: Retninglinjer mobil

Elin innleia til saken.

Dette har vore på sakslista fleire gonger, vil styret ha overordna retningslinjer eller skal gruppene få regulere mobilbruken sjølve?

Vedtak: gruppene kan regulere dette sjølve

Sak 10: Eventuelt

Gregor er på val 2027


Kathrine Brandsar er på val i 2026 men tek ei ny periode, altså til 2028

Stine Leirimo er på val i 2026 men tek ei ny periode, altså til 2028

Merete Dagsgard er på val 2026, tek ei avgjerd på starten av 2026 om ho tek ei periode til

Kjell Erik Galde er på val i 2026 men tek eit ekstra år, altså til 2027 (slik at det er to som er på val i oddetalsår)

Neste styremøte: torsdag 29.jan 2026 kl 19.30

Signatur frå styret


Gregor Ingar Gjerdet

- Styreleiar -



Kathrine Brandsar

- Nestleiar -



Merete Dagsgard

- Sekretær -



Kjell Erik Galde

- Styremedlem -



Stine Leirimo

- Styremedlem -



Elin Ståsviken Sperstad

- Dagleg leiar -

